

KOMMISSJONSDIREKTIV 2000/19/EF**2001/EØS/51/28****av 13. april 2000****om tilpassing til den tekniske utviklinga av rådsdirektiv 86/298/EØF om veltevern montert bak på smalsporede jordbruks- og skogbrukstraktorer med hjul(*)**

KOMMISSJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 74/150/EØF av 4. mars 1974 om tilnærming av medlemsstatenes lovgivning om typegodkjenning av jordbruks- og skogbrukstraktorer med hjul⁽¹⁾, sist endra ved kommisjonsdirektiv 2000/2/EF⁽²⁾, særleg artikkel 11,

med tilvising til rådsdirektiv 86/298/EØF av 26. mai 1986 om veltevern montert bak på smalsporede jordbruks- og skogbrukstraktorer med hjul⁽³⁾, sist endra ved tilmeldingsakta for Austerrike, Finland og Sverige, særleg artikkel 12, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) For å betre tryggleiken er det naudsynt å klargjere reglane for prøving av veltevern som er montert bak på smalspora jordbruks- eller skogbrukstraktorar med hjul, samstundes som det vert teke omsyn til at utstyret finst i mange ulike variantar.
- 2) Reglane for prøving av slike innretningar bør harmoniserast med dei reglane som er fastlagde i regelverk 7 til Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling (OECD) for offisiell prøving av veltevern for jordbrukstraktorar.
- 3) Direktiv 86/298/EØF bør difor endrast.
- 4) Dei tiltaka som er fastsette i dette direktivet, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet for tilpassing til den tekniske utviklinga som er oppnemnt i medhald av artikkel 12 i direktiv 74/150/EØF —

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

Artikkel 1

Vedlegg I-VI til direktiv 86/298/EØF vert endra i samsvar med vedlegget til dette direktivet.

Artikkel 2

1. Frå 1. juli 2001 kan medlemsstatane ikkje

— nekte, med omsyn til ein traktortype, å gje EF-typegodkjenning, å utferde det dokumentet som er nemnt i artikkel 10 nr. 1 tredje strekpunktet i direktiv 74/150/EØF, eller å gje nasjonal typegodkjenning eller

— forby ibrukstaking av traktorar

dersom traktorane stettar krava i direktiv 86/298/EØF, slik det er endra ved dette direktivet.

2. Frå 1. januar 2002 kan medlemsstatane

— ikkje lenger utferde det dokumentet som er nemnt i artikkel 10 nr. 1 tredje strekpunktet i direktiv 74/150/EØF, for ein traktortype som ikkje stettar krava i direktiv 86/298/EØF, slik det er endra ved dette direktivet,

— nekte å gje nasjonal typegodkjenning til ein traktortype som ikkje stettar krava i direktiv 86/298/EØF, slik det er endra ved dette direktivet.

Artikkel 3

1. Medlemsstatane skal seinast 30. juni 2001 setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet. Dei skal straks melde frå til Kommissjonen om dette.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

2. Medlemsstatane skal sende Kommissjonen teksta til dei viktigaste internrettslege føresegnene som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar.

Artikkel 4

Dette direktivet tek til å gjelde 20. dagen etter at det er kunngjort i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Artikkel 5

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 13. april 2000.

For Kommissjonen

Erkki LIIKANEN

Medlem av Kommissjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 94 av 14.4.2000, s. 31, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 105/2000 av 30. november 2000 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende nr. 8 av 15.2.2001, s. 5.

⁽¹⁾ TEF L 84 av 28.3.1974, s. 10.

⁽²⁾ TEF L 21 av 26.1.2000, s. 23.

⁽³⁾ TEF L 186 av 8.7.1986, s. 26.

VEDLEGG

I vedlegg I-VI til direktiv 86/298/EØF vert det gjort følgjande endringar:

1. I vedlegg I skal nr. 1 lyde:
«1. Kravene i punkt 1 i OECDs regelverk 7 (vedtak C(87) 53 endelig versjon av 24. november 1987, sist endret 3. mars 1999), med unntak av punkt 1.1, får anvendelse.»
2. Vedlegg II skal lyde:

*«VEDLEGG II***TEKNISKE KRAV**

De tekniske krav som skal overholdes ved EF-typegodkjenning av veltevern montert bak på smalsporede jordbruks- eller skogbrukstraktorer med hjul, er de som er fastsatt i punkt 3 i OECDs regelverk 7 (vedtak C(87) 53 endelig versjon av 24. november 1987, sist endret 3. mars 1999). De avsnitt i dette punkt 3 som omhandler prøvingsrapporten, mindre endringer og identifisering, er ikke omfattet av de tekniske kravene.»

3. Vedlegg III-V vert oppheva.
4. I vedlegg VI skal første strekpunktet lyde:
«— et rektangel som omgir bokstaven «e», fulgt av identifikasjonsnummeret til den medlemsstat som har innvilget typegodkjenningen for deler:
1 for Tyskland, 2 for Frankrike, 3 for Italia, 4 for Nederland, 5 for Sverige, 6 for Belgia, 9 for Spania, 11 for Det forente kongerike, 12 for Østerrike, 13 for Luxembourg, 17 for Finland, 18 for Danmark, 21 for Portugal, 23 for Hellas, 24 for Irland,».